

Årsmelding

Helgheim sokneråd 2023



No livnar det i lundar, No lauvast det i li.

Den heile skapning stundar no fram til sumarstid.

Gudsord vel alltid lyser, den sol gjeng aldri ned

Det hus som anden hyser, ligg støtt i ljøs og fred

HELGHEIM SOKNERÅD okt. 2019-okt.2023

vara:

- Astrid Aardalsbakke Feldt, leiar
- Svein Årdalsbakke, nestleiar
- Steinar Dvergsdal
- Hildegunn Huus
- Maria Sture, skrivar
- Britt-Jannicke S. Lundal
- Søkneprest Silje Sørebo.

Erna Dvergsdal Krøke
Brita Maria Distad
Norvald Nedrebø
Annbjørg Ripe
Øyvind Magnus Solheim

Medlemmer til Sunnfjord kyrkjelege fellesråd frå 2020 -2023

Astrid Aardalsbakke Feldt,
Merete Oline Helgheim,

vara: Hildegunn Huus
vara: Irene Muren Knapstad

Helgheim sokn
Ålhus sokn

Valde til styret for Skei misjonshus:

Vidar Feldt
Gerd Sunde Førde

personleg vara: Inger Veiteberg
personleg vara. Kari Skrede

HELGHEIM SOKNERÅD okt. 2023-okt.2027

vara:

- Hildegunn Huus leiar
- Bjørn Anders Steinsund, nestleiar
- Aud Førde
- Norvald Nedrebø
- Steinar Dvergsdal
- Marit Oddrun Vallestad
- Søkneprest Silje Sørebo

Camilla Klakegg
Brita Maria Distad
Kjellaug Bromseth
Astrid Olina Indrebø Sunde
Erna Dvergsdal Krøke
Prosten i Sunnfjord

Medlemmer til Sunnfjord kyrkjelege fellesråd frå 2023 -2027

Steinar Dvergsdal ,
Bernt Kjøsnes

vara: Hildegunn Huus
vara: Inger Johanne Klakegg

Helgheim sokn
Ålhus sokn

Valde til styret for Skei misjonshus:

Vidar Feldt
Gerd Sunde Førde

personleg vara: Solveig Bolseth
personleg vara. Kari Skrede

Rådet sitt arbeid

Helgheim sokneråd har handsama 28 bokførde saker.

Vi har handsama 42 bokførde fellessaker i lag med Ålhus sokneråd.

Av saker i 2023 nemner vi:

- Kulturkveldar i samarbeid med Jølster litterære folkeakademi
- Fasteaksjon digitalt, Kirkens nødhjelp
- Gudstenesteplan
- Generasjonsgudsteneste
- Plan for konfirmantarbeid og trusopplæring
- Vedlikehald i og omkring Helgheim kyrkje
- Parkområde ved vatnet (har stått litt i stampe, men er under arbeid
- Arbeid med antependium og frontalar til lesepult og preikestol (gåve)
- Soknerådsval 2023
- Bispedøme val 2023
- Styrke arbeidet i kyrkjelyden, speidarar, m.m.

Faste saker kvart år: årsmelding, rekneskap, møte- og gudstenesteplanar, budsjett, offertildeling, fasteaksjon, 50-årskonfirmantjubileum, søknader om støtte, løyvingar til frivillig arbeid m.m.

Når det er 50-årskonfirmantane har dei sjølve det praktiske arbeidet med mat og sosial samling. Helgheim sokneråd syter for ei nemnd av konfirmantane, som organiserer jubileet. Soknerådet syter for kyrkjekaffi. I 2023 var det ikkje konfirmantjubileum for det var ikkje konfirmantar for 50 år sidan. Ein flytta konfirmasjonen frå haust til vår.

Årsmøte i 2023 var i Helgheim kyrkje 27.mars.

Årsmeldinga vart lagt ut i kyrkja og på kyrkja si heimeside.

ARBEIDET I SOKNET

Det har vore ca to gudsteneste i månaden i Helgheim kyrkje. Vi har mange ulike typer gudstenester, både i kyrkja, i grendahus og ute. Mange av desse gudstenestene er godt besøkte, men det verkar likevel som om talet på kyrkjegjengarar på vanlege gudstenester der det ikkje skjer noko spesielt går ned. Det er ikkje så mange av dei faste kyrkjegjengarane lenger.

Soknerådsmedlemmer stiller som kyrkjevert på gudstenestene. Dei har delt ut salmebøker til dei vaksne og teiknesaker til borna. Etter dei aller fleste har det vore kyrkjekaffi. Konfirmantforeldre og soknerådsmedlemmer har stått for kakebaking og servering.

Klokkartenesta og kyrkjetenarjobben ved gudstenester er no slått saman. Solrunn Dvergsdal og Karen Elise Erikstad delar på jobben med kyrkjetener og klokkar ved gudstenestene. Kyrkjetenar Aman Beyene vaskar /støvsugar.

Ved dåpsgudstenester har fadrane delteke aktivt i gudstenestene, bl.a. med skriftlesing. Jølster har gode musikk- og songkrefter, og dei har vore nytta både i gudstenestene og i eigne arrangement (sjå kyrkjemusikalsk arbeid). Konfirmantane er medhjelparar ved gudsteneste i løpet av konfirmanttida. Dei deltar blant anna i evangelieprosesjon og eventuelt ved forbøna eller nattverdsutdeling og hjelper kyrkjevertane

Av gudstenester med spesielt inviterte, eller med litt annleis preg, kan nemnast:

- Familiegudstenester i samband med trus opplæringstiltak (sjå nedanfor under trus opplæring)
- Gospelkveld i Helgheim kyrkje i februar (42 frammøtte) og i oktober (55 frammøtte)
- Familiegudsteneste på Skei misjonshus (etterfulgt av basar – 110 frammøtte ved gudsteneste)
- Gudsteneste før påske for Skei skule
- Samtalegudstenesta for konfirmantane både i Ålhus sokn og Helgheim sokn er lagt fast til Vassenden kyrkjesenter. Like etter gudstenesta lagar sokneråda, i samarbeid med foreldra til fjorårskonfirmantane og soknepresten, til fest for konfirmantane.
- Konfirmasjonsgudstenesta (252 (frammøtte))
- Utegudsteneste Dvergsdalsstøylen 2. pinsedag – vart flytta til Helgheim kyrkje grunna vêr. (32 frammøtte)
- Friluftsgudsteneste med folkemusikk i Kjøsnesheugen i juli (59 frammøtte).
- Olsokgudsteneste i Movika i samarbeid med Førde Utegudsteneste ved Paulsvatnet i august med dåp og paulsmusikk av Jon Oddvar Kandal. Dette var Ålhus sokn si gudsteneste, men gudstenesta vart lagt til Paulsvatnet.
- Generasjonsgudsteneste i august med kyrkjekaffe i midtgangen (35 frammøtte)
- Gudsteneste med konfirmantpresentasjon (75 frammøtte)
- familiegudsteneste med utdeling av 4 års bok og 6 års bok der også gammalt sokneråd vart takka av og nytt sokneråd vart presentert (137)
- Gudsteneste i høve Jazz på Jølst i Helgheim kyrkje (samarbeid mellom Ålhus og Helgheim sokn, Rom for ord og Jølster litterære folkeakademi). Ine Hoem song og pianist Andreas Ulvo deltok. Soknepresten fortalte Ruts bok med tonefylgje frå Erlend Os. (84 frammøtte)
- Minnegudsteneste på helgemessesundag med invitasjon til pårørande til dei som har vore gravlagd sidan sist helgemesse, for første gong hadde vi ei felles minnegudsteneste for heile Jølster. Dette året var den lagt til Ålhus kyrkje. (63 frammøtte.)
- Lysmesse med konfirmantar og speidararar 1. søndag i advent (176 frammøtte)
- Adventsgudsteneste i Først 2. søndag i advent (33 frammøtte)
- Julaftangudsteneste (212 frammøtte)

Elles kan det nemnast at det har vore opa kyrkje og tidebøn på Vassenden kyrkjesenter kvar tysdag frå slutten av oktober. Tidebøna har vore kl. 11, med ein kort liturgi (gjerne bøner som vert lesne som veksellesing og lesing frå Bibelen) og orgelmusikk. Her har vi m.a. teke for oss Johannesevangeliet og driv no på med å lese Apostelgjerningane. Vi har også hatt kaffi/te med noko attåt, i etterkant av tidebøna, med fast innslag av diktlesing v/ Anne Helene Eide.

Kyrkjemusikalsk arbeid

Til konfirmasjonane var det som fleire år før, songinnslag ved Cathrin Hjelle Søvde og kornettspel av Anne Turid Taklo saman med organisten.

I ferietida skjer det ikkje så mykje på det kyrkjemusikalske, men dette året hadde vi sommarkonsert i høve det nye pianoet som er kjøpt inn til Ålhus.

Konserten vart halden i Ålhuskyrkja søndag 25. juni på ettermiddagstid.

Mykje folk møtte fram og ulike aktørar gjorde at dette vart ei fin oppleving. Solistar var Sevrine Søgnesand, song, og Mildrid Taklo spelte på cello, i tillegg SkeiVasskoret og Rune Molvik. God lyd sytte Ragnvald Søgnesand for. Det nyinnkjøpte pianoet fekk prøvd

seg både til solospel, akkompagnering og til å leie den gode allsongen.

I Helgheim var det to høgdepunkt på hausten. I oktober i høve «Jazz på Jølst» der gudstenesta dette året var lagt til Helgheim – dette var ei songgudsteneste med salmane til Edvard Hoem i sentrum. Dotter til Edvard Hoem - Ine Hoem saman - med Andreas Ulvo på piano, var spesielt invitert til denne gudstenesta. Ei minnerik stund i kyrkja på Helgheim.

I desember var det også fleire konsertar i kyrkjene, med tilreisande og lokale aktørar – fleire av dei har gjort det til tradisjon å ha konsert i Jølster i adventstida.

I Ålhus kyrkje var det invitert til konsert med Jølster barnegospel. Dei song det meste av repertoaret dei har øvd inn i haust, inklusiv nokre advent- og julesongar. Foreldre, søsken og andre møtte opp for å høyre og sjå dei songglade i koret, trygt leia av Gerd Sunde Førde og Rune Molvik.

I Helgheim var det den tradisjonelle julekonserten 20. desember. Som før var Jølster Musikklag, SkeiVasskoret arrangør. Men det var også innslag av andre.

Vi nemner pianospel av Elisabeth Dalen, Raket Myklebust spelte blokkfløyte saman læraren sin. Aksel Roko Eide stod for songinnslag frå kulturskulen. Sevrine Søgnesand og Cathrin Hjelle Søvde med songinnslag, og Christine Marøy var solist saman med Musikklaget og organist Rune Molvik.

I år var Jølster Barnegospel med. Fint at alle aldersgrupper kan vere med.

Vassenden skulemusikk let juletonane klinge julaftan i Vassenden kyrkjesenter, og Hemen Bayene stod for songinnslaget. I Helgheim var kulturskuleeleven Håvard Furre Lunde hyra inn til å spele pianomusikk som Postludium.

Det har vore folkemusikk på utegudstenester, Andreas Ljones spelte fele i Sandalen, Fjellklang i Kjøsneshogen og paulsmusikk av Jon Oddvar Kandal, ved Paulsvatnet.

I tillegg kan vi nemne at det har vore songkveldar på Vassenden kyrkjesenter, der frivillige har vore ansvarlege for desse kveldane.

Anna arbeid/ andre arrangement i regi av soknet

Kirkens nødhjelps fasteaksjon i april vart gjennomført som dør til dør aksjon. Kontakt for Kirkens Nødhjelp: Erna Krøke Dvergsdal. Frå hausten 2023 vart Marit Valdestad valgt til ny kontakt.

- Andakter/Nattverdsgudstenester på omsorgssenteret på Skei. Kvar fyrste og tredje tysdag i månaden. Vikarprest Reidar Knapstad og diakon Ingvar Vagstad bidro i vår i tillegg til soknepresten. I haust har det vore Rigmor Frøyen (sokneprest i Naustdal) og sokneprest i Jølster som har byte på dette. Kantor er med kvar gong. Frivillige stiller opp for å hjelpe dei eldre med å komme seg til og frå andakten og for å hjelpe til under andakten. Dette er til svært god hjelp.
- Sokneråda i Jølster arrangerte kyrkjelydstur til Dragseidsspelet. Det vart ei våt og kald oppleving grunna vêret, men den var godt organisert og det var eit flott spel. Takk til Steinar Dvergsdal som hadde initiativet og Astrid og Vidar Feldt som var turleiarar.

- Julevandring for Skei og Stardalen barnehage før jul. Prest besøkte barnehagene i forkant av julevandringa.
- Juletreffest Skei misjonshus 3.juledag
- Det har vore fleire kulturarrangement i samarbeid med Jølster litterære folkeakademi og Rom for ord:
17.januar: «Styrken i det sårbare – samtale med tonefylgje». Vi fekk møte Per Arne Dahl i samtale med Inger Helene Nordeide. Hege Alme og Rune Molvik på song og piano. Helgheim sokneråd laga til måltid i midtgangen. Ca 120 frammøtte.
Søndag 11. juni: Vi markerte skaparverkets dag med eit heildagsprogram etter gudsteneste i Sandalen. Torbjørn Ljones, betre kjend som Kvitanesen, var saman med son og spelemann Andreas Ljones los og rodde jølstravatnet rundt og folk hadde mogelegheit til å møte dei ved ulike kulturstopp utover dagen. Første etappe gjekk tvers over Jølstravatnet frå Sandalen til Helgheim. Her var det omvising om kunsten i kyrkja ved blant anna Elsa Norunn Håheim Nydal. Neste strandhoggvar på Ålhus med nonsmat i prestegarden og kulturhistorisk foredrag i kyrkja ved Fritjov Urdal. Siste etappe gjekk over vatnet til Hammarsbakken. Her vert det kveldsmat i løa hjå Ole Magnus Kapstad med forteljingar og foto frå gardslivet i tunet i tidlegare tider og kåseri av Kvitanesen.
- Helgheim sokn gjorde i 2020 avtale med Normisjon om misjonsprosjekt i India. Der støttar vi eit prosjekt som heiter «Steinknusernes rettigheter» som handlar om å betre levevilkår for fattige arbeidarar i Steinindustrien og demme opp for dei negative ringverknadane som steinindustrien har på naturen. Prosjektet har no skifta namn til «Fred og forsoning i India». Vi har hatt to ofringar til dette prosjektet. Avtalen går ut ved utgangen av 2023: Soknerådet gjorde før nyttår vedtak om nytt misjonsprosjekt gjennom Stefanusalliansen i Egypt (Stefanusbarna og Anafora).
- Helgheim sokn er Grøn kyrkjelyd. Som kyrkje er vi kalla til å vere gode forvaltarar av skaparverket, noko som i vår kyrkjelyd m.a. kjem til uttrykk ved at vi:
Vi markerer Skaparverkets dag og andre gudstenester i undring og takksemd over skaparverket.
Vi sorterer avfall, men det må vi bli bette på, spesielt frå kyrkjegarden.
Vi brukar mindre mengde papir ved gjenbruk av programhefte.
Vi deltek i fasteaksjonen til KN.
Vi har eit grønt misjonsprosjekt.
Vi går på pilgrimsvandring med konfirmantar og engasjement for skaparverket som eit tema på Lys Vaken.
- Helgheim sokn har vennskapskyrkjelyd i Krizlice i Tsjekia

Arrangement i regi av andre

Konsert med Erlend og fleire medhjelparar dataspelmusikk. **Takk for sporty og nytenkande innsats.**

Julekonsert med Julesong frå Sogndal

Julekonsert med Kvitre frå Førde

Konsert med Førde Kammerkor.

Den tradisjonelle julekonserten der fleire aktørar frå kommunen deltek gratis og inntekta går til Kirkens Nødhjelp. **Soknerådet vil takke alle aktørane for flott konsert og flott innsats.**

TRUSOPPLÆRING/ BARNE- OG UNGDOMSARBEID

Kontinuerleg arbeid

Torsdagsklubb på misjonshuset på Skei annan kvar torsdag frå kl. 17.30-18.45. Gerd Sunde Førde, Vidar og Astrid Feldt er leiarar. På torsdagsklubben blir borna kjent med ei bibelforteljing og vi syng mykje. Vi har også ein formingsaktivitet, frukt og tid til litt lek. Konfirmantar gjer ein god jobb når dei hjelper til. Det har vore 17 samlingar inkl. juletreffesten. Snitt oppmøte 22 og barn innom i løpet av året 47. **Soknerådet vil takke Astrid, Vidar og medhjelparar for flott innsats.**

Speidargruppe på Skei (Jølster KFUK-KFUM-speidarar). Gruppeleiar er Åse Britt Eide Øygaard og nestleiar er Nils-Einar Kjøsnes. Andre leiarar er Svein Årdalsbakke, Mona Skaiå Årdalsbakke, Dagrun Thingnes, Kari Skrede, Øyvind Skrede, Karl Martin Loe Reed, Stian Årdalsbakke. To ungdommar, Ina Bruland og Kamilla Kjøsnes, har denne hausten vore lønna av trusopplæringsmidlar til for å hjelpe til på speidarmøta. I tillegg er 2 andre vaksne med som hjelpeleiarar av og til. Foreldre og roverar er også med å hjelper til på nokre møte. Speidargruppa på Skei har no ca. 76 medlemmer, 66 born i alderen 10-18 år, og 10 roverar (18 år og oppover), og i tillegg kjem dei vaksne medhjelpararane. Speidargruppa har også i år hatt eit aktivt år. Misjonshuset vert brukt til møte innandørs, og til lagerplass for utstyret til gruppa. Onsdag er fast møtedag, men er også på overnattingsturar og andre turar i løpet av året. **Soknerådet vil takk alle for flott innsats.**

Gerd Sunde Førde leiar **barnegospel** som er eit tilbod for 3. – 7 klasse. Rune Molvik akkompagnerer på piano. Dei har øvingar annakvar onsdag etter skuletid på musikkrommet på skulen. **Soknerådet vil takk Gerd og Rune for flott innsats.**

I oktober var dei med på konsert i Førdehuset med gruppa «Naboen min», der dei song i lag med barnekor frå Vassenden, Naustdal og Førde. I desember hadde dei ein flott julekonsert i Ålhus kyrkja i lag med barnegospel på Vassenden.

Det er i årsgjennomsnitt ca 11 born som kjem på øvingane på Skei (ca 7 i vår og 16 i haust). Alt i alt har minst 19 born vore innom i løpet av året.

Konsertar har dei lag med borna i barnegospel på Vassenden. Dei har hatt eigen sommarkonsert og julekonsert. Dei har vore med på familiegudsteneste med basar på Skei misjonshus, påskesongkveld på Vassenden, Lys våkengudsteneste på Vassenden og den store julekonserten i Helgheim kyrkje.

Det kontinuerlege barne- og ungdomsarbeidet er svært viktig for kyrkjelyden og for nærmiljøet. Leiarane legg ned ein formidabel innsats og mange av dei har stått i dette arbeidet gjennom lang tid. Både speidargruppa og torsdagsklubb/ søndagsskule kunne gjerne hatt fleire leiarar. Om du sjølv kunne tenkje deg dette eller kjenner andre som kunne vore utfordra, må du gjerne ta kontakt.

Tidsavgrensa tiltak

Takka vere eit aktivt trusopplæringsutval har vi dette året fått gjennomført alt av planlagte tiltak i trusopplæringsplanen. Alle born i alderen 0-11 år har fått ein invitasjon til minst eitt trusopplæringsstilbod dette året.

Soknepresten har gjennomført dåpssamtalar med alle dåpsforeldre. Alle døypte får dåpslys og dåpsplakat. Boka Arvegull som vi tidligare ga til dåpsforeldre har vi byta ut med ei dåpsminnebok som vi har fått gode tilbakemeldingar på. I kyrkja har vi fått eit dåpstre,

der vi heng opp ei lita tredue for kvart barn som blir døypt. Dette er ei påminning til kyrkjelyden om å be for barna, og dua vil seinare bli gitt tilbake til barnet.

Det var invitert til babysong på Vassenden kyrkjesenter både på våren og hausten. Oppmøte har vore varierende, men det er alltid nokon som kjem og i haust har det vore ei god gruppe (ca 7 i snitt). Soknepresten leiar samlingane (kyrkjelydspedagog i Førde, Gry Sætre, har steppa inn når Silje har vore forhindra). Erlend Os har spelt til mange av samlingane. Solveig Magnhild Lesto har stått for kaffi og mat ved babysong heile året. Ein stor takk til ho som har gjort dette i fleire år.

I starten av november inviterte vi alle 2 og 3 åringar i Jølster til Trygg til natta-gudsteneste i Helgheim med drama om Berta og Bestemor og kveldssongar og bønner. 2-åringane fekk utdelt dåpsduene sine i lag med ein bønneplakat med «Eg faldar mine hender små». 3-åringane fekk ein sprelleengel med kveldsbønner på. Etter samlinga i kyrkjerommet var det kveldsmat og leik. Ei hyggeleg samling, men dessverre svært få 3-åringar som kom dette året.

Samlingane for fireåringane i Jølster med utdeling av 4-årsbok hadde Helgheim og Ålhus kvar for seg. I Helgheim var laurdagssamling på Skei misjonshus og gudsteneste med bokutdeling på søndagen.

Alle 5-åringane i Jølster vart invitert til hausttakkefest på speidarplassen på Skei der dei fekk utdelt matboksar med «O du som metter liten fugl» og plakat med ulike bordbønner. Etter gudstenesta var det utlodding til inntekt for speidaren og speidaren sin globalaksjon, og høve til grilling og natursti. Dessverre kolliderte arrangementet med fotballturnering på Skei, men likevel var vi ganske bra med folk samla (men ikkje så mange barn frå Ålhus sokn).

Gudstenestene med bokutdeling til 6-åringane hadde Helgheim og Ålhus kvar for seg. I Helgheim sokn hadde 6-åringane ei samling i forkant på Skei misjonshus etter skuletid. Søndagen etter var det familiegudsteneste med bokutdeling i Helgheim kyrkje (samtidig som 4-års bok).

6- og 7-åringane fekk innbyding til juletreffest på Skei misjonshus.

Påskesamlingar for 8-åringar: Barna vart invitert til to samlingar etter skuletid på Skei misjonshus og deretter palmesøndagsgudsteneste i Helgheim kyrkje med utdeling av Barnesalmeboka.

Tårnagenthelga for alle 9-åringar i Jølster er stasjonert i Helgheim kyrkje. Tårnet, kyrkjeklokkene og kyrkja sin bursdag er sentralt i opplegget som går over to dagar, laurdag og søndag.

Kode B: 10-åringane vart invitert til to kvardagssamlingar på Skei misjonshus, og utdeling av «Actionbibelen» i familiegudsteneste i Helgheim kyrkje. Det var tydeleg at 10-åringane syns at actionbibelen verka meir spennande enn Det nye testamentet som vi har delt ut tidligare.

Lys Vaken: 10- og 11-åringar frå heile Jølster vart invitert til Lys Vaken leir (frå laurdag kl. 16 – til etter gudsteneste søndag) på Vassenden kyrkjesenter midt i november i samarbeid med speidargruppa. Dette vart eit populært tilbod med meir enn 40 påmeldte. Speidarleiarar og trusopplæringsutval bidrog som leiarar i lag med nokre russejenter. Foreldre stilte opp som kjøkkenhjelp og nattevakter. Soknepresten hadde hovudansvar i lag med Andrine Lundekvam. Barna bidrog i gudstenesta og hadde utlodding med gjenbruksgevinstar på kyrkjekaffien etter gudstenesta. Inntektene gjekk til kyrkjelydens grønne misjonsprosjekt i India.

Oppslutning om konfirmasjon er framleis høg. Soknepresten har hovudansvar for konfirmantane. For konfirmantkullet som skulle konfirmerast i 2023 var det på våren klubbkveldar, konfirmantleir på Alværa i lag med konfirmant frå Naustdal, fasteaksjon, samtalegudsteneste og konfirmantfest og konfirmasjonar i begge kyrkjene. Dette kullet har også hatt eit tilbod etter konfirmanttida med konfirmantreuinon i juni i prestegardshagen på Ålhus i lag med Naustal, filmkveld på Førde kyrkjetun i september og leir for 10 klassingar på Alværa i lag med Naustdal med over 40 påmeldte.

I august (som i dei tre tidlegare åra), veka før skulestart, vart det arrangert introkurs for nye konfirmantar. På dette kurset hadde Silje med seg ungdomsprest i Sunnfjord, Fredrik Brattvik Slåtten. Konfirmantane frå Helgheim og Ålhus var samla på dagtid gjennom fire dagar. Dei var to dagar Vassenden kyrkjesenter, ein dag i Helgheim kyrkje og ein dag var dei på pilegrimsvandring frå Årdalen til Ålhus kyrkje. Den eine dagen då dei var på Vassenden, var det mogelegheit til å låne kajaker frå campinga. I løpet av hausten var konfirmantane inviterte til tre klubbkveldar på Vassenden kyrkjesenter. Russejenter har vore med som leiar i lag med Silje og foreldre har bidrege på kjøkkenet. Det har vore leigd sal i hallen på Vassenden, slik at konfirmantane har vore der på starten nokre av kveldane. Så har dei etterpå gått til kyrkjesenteret for måltid, før ein har avslutta med samling i kyrkjerommet. I tillegg til klubbkveldane var konfirmantane i oktober på konfirmantfestival på Sande. Denne festivalen er i regi av prostiet/KFUK-KFUM og er ny av året. Den har tatt over for det som før var nattcup. Her møtte dei eit ungdomsteam frå bispedømmet («samanteamet»), og dei kunne delta i mange ulike aktivitetar og var med på globallop. Alle konfirmantane var også samla til lysmesse 1. søndag i advent i lag. Elles har konfirmantane vore medhjelparar ved gudstenester og ved barneklubb på Vassenden kyrkjesenter og på Skei misjonshus. No denne våren 2024 ventar m.a. fasteaksjon, klubbkveld i Naustdal og konfirmantleir på Alværa i lag med Naustdalkonfirmantane.

I tillegg til desse tiltaka vedtok også sokneråda i Jølster å invitere alle barn i Jølster til førestilling med kyrkjerottene på Vassenden kyrkjesenter i mars. Det var 78 frammøtte på dette arrangementet, mest barn mellom 3 og 6 år som hadde fått utdelt invitasjon og familiane deira.

Trusopplæringsutvalet, kyrkjelydspedagog, kyrkjearbeidar, soknerådsmedlemmer, prest, kantor, føresette, besteforeldre og frivillige har teke del i trusopplæringsarbeidet og konfirmantarbeidet. Ein stor takk til alle som har bidrege, og spesielt til medlemmene i trusopplæringsutvalet som har gjort ein stor innsats med å gjennomføre ulike tiltak.

Representantar i trusopplæringsutvalet frå Helgheim sokn er Inger Birgitte Kjøsnes, Karen Elise Erikstad, Silje Sørebo, Rune Molvik og Gerd Sunde Førde. **Soknrådet vil takke for stor innsats.**

(Perioden for dette trusopplæringsutvalet utgår ved årsskifte 2023/2024 og det må opprettast nytt for dei neste fire åra)

Skei Misjonshus

Misjonshuset er viktig for det frivillige arbeidet i soknet og er i praksis Helgheim sokn sitt kyrkjelydshus. Soknerådet vel to medlemmer til styret, med to vararepresentantar. I 2023 var dette Vidar Feldt, med vara Solveig Bolseth og Gerd Sunde Førde med vara Kari Skrede. Svein Årdalsbakke er leiar i styret for Skei misjonshus.

Informasjonsarbeid

Felles gudstenesteannonsar som Firda hadde i laurdagsavisa, er ikkje lenger og, Firda har ikkje laurdagsavis. I staden er «Det skjer» tilbake i Firda. Her legg vi inn gudstenester og annan aktivitet i Kyrkjene i Jølster. Eit lite utdrag kjem i papiravisa. Bruk Firda si nettside, »Det skjer» dersom du har den,» der står det alt vi skriv inn.

Vi må også bruke andre kanalar for å nå ut til folk med kva som skjer i kyrkjene, aktivt. Hyrdringrøysta vil framleis vere ein viktig kanal, i lag med plakatar, nettside og facebookside.

Sekretær Toril /eller webansvarleg for Sunnfjordkyrkja Joy Taylor sørger for at nettsida (kyrkja.no/jolster) og kyrkja.no/sunnfjord er oppdatert. Sekretær Toril og prest Silje oppdaterer Facebooksida (kyrkjene i jolster) og legg inn kommande arrangement, samt lagar og heng opp plakatar på oppslagstavler.

Men det er også viktig at soknerådsmedlemmer og andre i kyrkjelydane er med å gjere arrangementa kjent og dele på facebook og andre aktuelle informasjonskanalar.

Hyrdringrøysta

Redaksjon: Hildegunn Huus og Ingrid Søyland.

Soknerådet vil takke for godt utført arbeid. De gjer ein kjempejobb med å tenkja ut stoff, få villige personar til både å skrive og delta med ulike innslag. Ny i redaksjonen er Ingrid Søyland.

Vi ynskjer henne velkomen, og er glad for at ho sa ja til vervet.

Sunnfjord kyrkjelege fellesråd har teke over rekneskapen til Hyrdringrøysta.

Økonomien i bladet er bra. Framleis er det få i høve til kor mange som får bladet, som betalar frivillig kontingent. Det har vore til god hjelp at mange har vore villige til å køyre rundt i grendene og leggja bladet i postkassane. Har på den måten spart utgifter til porto. Dette tiltaket er med å sikre økonomien til bladet.

Tusen takk til dykk for denne viktige dugnaden.

Statistikk

Helgheim sokn	2023	2022	2021	2020
Innmelde i kyrkja	0	0	1	0
Utmelde av kyrkja	2	0	1	2
Døyppte	9	13	12	11
Døyppte heimehøyrande i soknet	3	10	8	6
Vigde	4	5	3	1
Gravlagde	15	9	22	17
Konfirmerte	16	9	7	15
Tal gudstenester søn- og helgedagar	26	29	24	25
Deltakarar på gudstenester søn-og helgedagar	1984	2098	1290	1410
Gudstenester med nattverd	25	13	7	8
Nattverdsgjester	367	330	142	205
Familiegudstenester	9	5	5	4
Deltakarar	880	542	262	305
Julevandring for barnehagane	1	1	0	1
Deltakarar	50	50	0	50
Skulegudsteneste	1	1	0	1
Deltakarar	135	200	0	80
Musikk gudstenester	1	1	2	1
Deltakarar	250	270	120	50
Soknebod	2	0	0	2
Offer / kollekt i kyrkja	84211	74754	64539	66140

Skulegudstenesta er planlagt til Påskehøgtida

Informasjon frå Kyrkjevevje.

Vi fekk rekneskap for Helgheim sokn frå rekneskapsavdelinga i Sunnfjord Kommune i veke 9. rutinen då er at eg signerer og vidaresender til revisor. Det er gjort. Det kan leggjast fram for årsmøtet til orientering.

Med venleg helsing

Sissel Vartdal

Kyrkjevevje Sunnfjord, mobil: + 47 48 99 12 57

Rekneskap Helgheim sokn 2023

Rekneskap og notar Helgheim sokn 2023

Rekneskapsskjema – driftsrekneskapen:

Regnskapsskjema - Driftsregnskapet	Regnskap	Reg. budsjett	Oppr.budsjett	Regnskap i fjor
Inntekter				
1 Brukerbetaling, salg, avgifter og leieinntekter	8 075	-	-	11 201
2 Salg av driftsmidler/fast eiendom	-	-	-	-
3 Refusjoner/overføringer	3 010	-	-	6 297
4 Kalk. inntekt ved komm. t.jytingsavtale	-	-	-	-
5 Statlige tilskudd	-	-	-	-
6 Tilskudd fra rettssubjektet Den norske kirke	-	-	-	-
7 Rammeoverføring/tilskudd fra egen kommune	-	-	-	-
8 Tilskudd fra soknets organer	8 000	12 000	12 000	12 000
9 Andre tilskudd, gaver, innsamlende midler	126 710	95 000	95 000	108 509
10 Sum driftsinntekter	145 795	107 000	107 000	138 007
Utgifter				
11 Lønn og sosiale utgifter	-	-	-	-
12 Kjøp av varer og tjenester	33 408	40 000	40 000	35 173
13 Refusjoner/overføringer	6 529	7 000	7 000	112 379
14 Kalk. utg. ved komm. t.jytingsavtale	-	-	-	-
15 Tilskudd og gaver	83 298	75 000	75 000	73 242
16 Sum driftsutgifter:	123 235	122 000	122 000	220 793
17 Brutto driftsresultat:	22 560	- 15 000	- 15 000	82 786
18 Renteinntekter og utbytte	44 225	15 000	15 000	16 205
19 Mottatte avdrag på utlån	-	-	-	-
20 Renteutgifter og låneomkostn.	-	-	-	-
21 Avdrag på lån	-	-	-	-
22 Utlån, kjøp av aksje, andeler o.l.	-	-	-	-
23 Netto finansinntekter/-utgifter	44 225	15 000	15 000	16 205
24 Avskrivninger	-	-	-	-
25 Motpost avskrivninger	-	-	-	-
26 Netto driftsresultat	66 785	-	-	66 581
Interne finansieringstransaksjoner:				
27 Bruk av udisponert fra tidl. år (mindreforbruk)	19 844	19 844	-	12 643
28 Bruk av disposisjonsfond	-	-	-	-
29 Bruk av bundne fond	-	-	-	112 379
30 Sum bruk av avsetninger	19 844	19 844	-	125 022
31 Avsatt til dekning fra tidligere år (underskudd)	-	-	-	-
32 Avsatt til disposisjonsfond	17 777	19 844	-	12 643
33 Avsatt til bundne fond	68 851	-	-	25 954
34 Overført til investeringsregnskapet	-	-	-	-
35 Sum avsetninger	86 629	19 844	-	38 596
36 Merforbruk / Mindreforbruk	-	-	-	19 844

BALANSE	Regnskap 2023	Regnskap 2022
EIENDELER:		
A - Anleggsmidler		
Faste eiendommer og anlegg	-	-
Utstyr, maskiner og transportmidler	-	-
Utlån	-	-
Aksjer og andeler	-	-
B - Omløpsmidler		
Kortsiktige fordringer	- 510	15 421
Aksjer og andeler	-	-
Sertifikater	-	-
Obligasjoner	-	-
Kasse, bankinnskudd	1 902 150	1 848 680
C - SUM EIENDELER:	1 901 640	1 864 102
EGENKAPITAL OG GJELD:		
D - Egenkapital		
Disposisjonsfond	327 616	288 838
Bundne driftsfond	1 562 426	1 514 575
Ubundne investeringsfond	-	-
Bundne investeringsfond	-	-
Endring i regnskapsprinsipp som påvirker AK (investering)	-	-
Endring i regnskapsprinsipp som påvirker AK (drift)	-	-
Regnskapsmessig mindreforbruk	-	19 844
Regnskapsmessig merforbruk	-	-
Udisponert i investeringsregnskapet	-	-
Udekket i investeringsregnskapet	-	-
Kapitalkonto	-	-
Gjeld		
E - Langsiktig gjeld		
Ihendehaverobligasjonslån	-	-
Sertifikatlån	-	-
Andre lån	-	-
F - Kortsiktig gjeld		
Kassekredittlån	-	-
Annen kortsiktig gjeld	11 599	40 845
G - SUM EGENKAPITAL OG GJELD:	1 901 640	1 864 102
Memoriakonti		
Ubrukte lånemidler	-	-
Andre memoriakonti	-	-
Motkonto for memoriakontiene	-	-

Notar til rekneskapen Helgheim sokn 2023

Soknet sitt rekneskap er ført i samsvar med Forskrift om økonomiforvaltning i sokn i Den norske kirke fastsett av barne- og familiedepartementet 08.12.2020 og god kommunal rekneskapskikk.

1. Fond

Spesifikasjon over samla avsetningar og bruk av avsetningar i rekneskapsåret, samla og for den enkelte fondstype.

	Disposisjons fond	Bunde driftsfond	SUM: 2023
Saldo pr 01.01:	288 838	1 514 575	1 803 413
Avsetningar	17 777	68 851	86 629
Bruk av avsetningar	0	0	0
Korrigering av tidlegare års avsetjingar	21 000	-21 000	0
Saldo pr 31.12:	327 616	1 562 426	1 890 041

Det er i rekneskapen for 2023 flytta totalt 21 000 kroner i balansen frå bundne driftsfond til disposisjonsfond. Dette er midlar avsett på bundne fond tidlegare år som er frie midlar.

2. Strykingar

Førefekne strykningar av vedtekne avsetningar/bruk av fond, overføring drift/investering samt inndekning meirforbruk , jf. § 17

Det er gjennomført stryking av 2 066 kroner i budsjettert avsetjing til disposisjonsfond i tråd med §17 (3). Etter strykningar er driftsrekneskapen avslutta i balanse.

3. Kapitalkonto

Samenfattande oversikt over transaksjonar som er ført mot kapitalkontoen i løpet av rekneskapsåret.

Det er ikkje ført noko på kapitalkonto.

Ferde, 22.02.2024

Rekneskapsansvarleg
Terje Guddal


Kyrkjeverje
Sissel Vartdal



Tilsette: Sokneprest Silje Sørøbø

Tilsette: Sunnfjord kyrkjelege Fellesråd

Sissel Vartdal Kyrkjeverje
Ingvar Vagstad Driftleiar for Bygg og Drift

Ålhus og Helgheim sokn:

Rune Molvik	Kantor
Helge Årdal	Driftsjef/ kyrkjetenar 90%
Gerd Sunde Førde	Trusopplærer i 20%
Andrine Lundekvam	Trusopplærer 1-årsvikarat, Jølster, Gaular, Naustdal
Aman Beyene	Kyrkjetenar Ålhus sokn, og reinhaldar i kyrkjene
Karen Elise Erikstad	Klokkar og kyrkjetenar Helgheim sokn
Solrunn Dvergsdal	Klokkar og kyrkjetenar Helgheim sokn
Stina Kjos Sunde	Klokkar Ålhus sokn
Magne Kvinge	vikar kyrkjetenar i Ålhus sokn, (ved vigsel og konsertar i Helgheim kyrkje)
Toril Øye	Sekretær i Jølster 40%

Sluttord

Gudstenestene er det sentrale arbeidet i kyrkjelyden. Kyrkjeaktiviteten er oppe igjen og vi kan vi sjå tilbake på mange samlingar og gode treff i kyrkja dette året.

Vi set pris på frammøtet i kyrkja, både dei som kjem ofte til gudsteneste og dei som kjem sjeldnare.

Tek med nokre utfordringar biskopen gav oss som er aktuelle utfordringar kvart år.

- Gå til gudsteneste regelmessig, fordi det er der de høyrer til, fordi de treng å høyra evangeliet sagt til dykk, og for å gje Gud ære!
- Styrk og hald oppe det trusopplæringsarbeidet de no har.
- Forkynn fram gjevargleda!

Helgheim sokneråd vil rette ei stor takk alle som har arbeidd i soknet dette året, både dei tilsette og dei som legg ned eit stort frivillig arbeid.

Vi opplever at kyrkja betyr mykje for mange.

Takk for all omsut og forbøn for kyrkja og kyrkjeleg arbeid i Helgheim sokn.

For Helgheim sokneråd

Astrid Aardalsbakke Feldt og Hildegunn Huus

Astrid Aardalsbakke Feldt, leiar 2019-2023
Hildegunn Huus -leiar 2023-2027



Bilete med motiv frå Bibelen

Gåve frå Ivar Helgheim

Design Elsa Norunn Håheim Nydal

Produksjon Jølster Design AS